

FLEKKE GRENDALAG
c/o Øystein S. Haaland Flekkekleivane 2
6968 FLEKKE

Dato	02.07.2024
Vår referanse	2023/83395-7
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Linn Kathrin Bakke
E-post	Linn.Kathrin.Bakke@vlfk.no
Telefon	99427240

Svar på førespurnad om ny vurdering av fartsgrense - fv. 57 - Flekke - Fjaler kommune

Viser til førespurnad motteke 15.05.2024 og felles synfaring 25.06.2024. Det er klaga på vurderinga om å ikkje utvide fartsgrense 60 km/t, i tillegg til at det er bede om å utdjupe forklaringa. I dette skrivet vil vi prøve å svare så godt vi kan på dei ulike punkta de viser til.

Vurdering av alle framlegg

Sjølv om det i vårt førre svar ikkje er tydlege at begge alternative er vurdert, er dette tilfellet. Å forlenge fartsgrense 60 km/t til anten forbi krysset ved Kjørlevika eller til Rennestraum, er det ikkje grunnlag for etter fartsgrensekriteria. Forklaringa som er lagt fram i det førre skrivet vårt, gjeld for begge desse alternativa.

Vekting av kriterier og utfyllt modell

Kriteria vert vekta noko ulikt. Skilnad på bør- og skal-krav er vesentleg, då bør-krav berre er ei anbefaling. Lengde på strekning er eit slikt bør-krav, som i tillegg berre er ei anbefaling i samband med modellen vi nyttar for å finne ut om vi kan vurdere fartsgrense 60 eller ikkje. Forklaring på modellen kjem lenger ned i teksten. Kriteriet som står aller først under kriteria for bruk av fartsgrense 60 km/t vert vekta tyngst: «Fartsgrense 60 km/t nyttast i hovudsak på vegar med mange avkøyrslar, mykje gang-/sykkelaktivitet langs vegen og randbusetnad. Risikoreduserande tiltak og fysiske tiltak mot forureining og støy bør alltid vurderast først.»

I tillegg til om det er rett grunnlag for fartsgrensa, er forståing og respekt for fartsgrensa eit kriterium som veg relativt tungt. Årsaka til det er at vi ynskjer at skilta skal verte respektert. Får vi for mange av ein type skilt, utan at det er rett grunnlag for det, kan køyrande slutte å forholde seg til skiltet fordi dei ikkje skjønar kvifor det er sett opp. I slike tilfelle mistar skiltet sin funksjon. Vi arbeider så godt det let seg gjere for eit heilskapleg og nasjonal skiltsystem, som vert forstått og respektert.

For å finne ut om vi kan vurdere fartsgrense 60 km/t eller ikkje, nyttar vi modellen «berekning av fartsgrense 60 km/t». Modellen gjev ikkje eit endeleg svar, berre ein peikepinn på om vi kan vurdere å etablere fartsgrense 60 km/t på strekninga. Når vi har fylt ut modellen, vert den i utgangspunktet rekna som eit saksførebuande dokument. Saksførebuande dokument gjev vi vanlegvis ikkje innsyn i. Dette vart det gjeve misvisande informasjon om på synfaringa. Det vi kan seie, er at då vi fylte ut modellen fekk vi som resultat for forlenging til Kjørlevika og til Rennestraum at 60 km/t kan behaldast /nyttast etter ei samla vurdering. Kriteria påpeikar at resultatata frå modellen må vurderast ut frå lokal kunnskap om stadlege forhold, og at trafikanten si forståing for fartsgrense vert vektlagt i vurderinga. Resultata må sjekkast mot fagleg skjøn og ikkje nyttast ukritisk.

Som tidlegare svarbrev konkluderte med, vurderer vi at det ikkje er grunnlag for forlenging av fartsgrense 60 km/t verken til Kjørlevika eller til Rennestraumen. Det er randsbusetnad i området, men ikkje alle hus er synlege frå vegen. Det er ikkje mange avkøyrslar, og i eit nasjonalt perspektiv er det få gåande og syklande. At vi ikkje går inn for å setje ned fartsgrensa på dei to strekningane, tyder ikkje at

vi meiner at køyrande skal halde ei fart tilsvarende 80 km/t. Den køyrande er uansett pliktig til å avpasse farta etter forholda, slik at det ikkje oppstår fare eller vert til ulempe for andre.

Vurdering av kortare strekning

Ved bruk av modellen for strekninga frå ny start av fartsgrense 60 km/t aust for Flekke til sør for avkøyrslé til Dalsvegen 787 og 785, anbefalar modellen å nytte fartsgrense 60 km/t. Med utgangspunkt i dette resultatet, har vi vurdert at gjeldande fartsgrense bør forlengast til forbi nemnde avkøyrslé. Eige skriv med oppmoding om nytt fartsgrensevedtak vert sendt til Statens vegvesen. Då vert det opp til vegvesenet å avgjere om dei er einige i vurderinga og om dei kan gjere nytt vedtak. Vi vil sende ein kopi av oppmodinga til Flekke grendalag.

Falsk tryggleik

Der er bede om ei utdjupande forklaring på kva vi meiner med falsk tryggleik. Med falsk tryggleik meiner vi til dømes at dei som ferdast langs vegen trur at køyrande held fartsgrensa, medan realiteten er at fartsnivået er høgare enn det som er skilta.

Å nytte ordet «forstå» fartsgrensa er om mogleg feil, då respektere kan vere eit meir dekkande ord. Køyrande ser og forstår at det er 60 km/t, men ikkje kvifor når det ikkje er noko synleg busetnad eller aktivitet langs vegen. Erfaring tilseier at dei som ikkje forstår kvifor fartsgrensa er sett som den er, respekterer ho i lågare grad. Vi har ikkje konkret datagrunnlag som underbygger dette, men fartsmålingar gjort i samband med andre saker på veg med fartsgrenser som ikkje samsvarar med fartsgrensekriteria, viser ofte eit høgare fartsnivå enn skilta fartsgrense.

Dersom det er spørsmål til saka, kan sakshandsamar kontaktast.

Med helsing

Kathrine Njåstad Blaaflat for

Ann Kristin Nes

seksjonsleiar

INV - Vegforvaltning Vestland

Linn Kathrin Bakke

Overingeniør

INV - Vegforvaltning Vestland

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift